

Norges vassdrags- og energidirektorat, Konesjonsavd.  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Deres ref:

Vår ref: 09/00376-6

Dato: 08.08.2011

**HØYRING AV SØKNAD MED KONSEKVENSTUTGREIING FOR  
OVERFØRING AV VESTSIDEELVANE OG HEVING AV  
TUNSBERGDALSDAMMEN I LUSTER KOMMUNE**

Vi viser til Dykkar oversending dagsett 26.4.11.

I pkt.3.2.6 Tipper på side 28 heiter det at steinmassar frå tverrslag og tunneldrivinga skal leggjast på nordsida av Sperleelvi langs adkomstvegen i ei fordjupning i terrenget. I pkt.6.1.3 heiter det at ei gjennomsnittleg høgd på 7m vil krevja eit areal på om lag 50 daa. Alternativt vil tippen verta delt i to.


Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (Direktoratet) vil tilrå at ein uavhengig av kor massane deponerast krev at det blir utarbeidd ein plan som viser kor i terrenget massane vert plassert og nokre profil som viser korleis deponiet vert utsjåande.

Direktoratet registrerer at steinbrotet ikkje er nemnt under permanente arealinngrep på side 78.

Vi vil og tilrå at ein før steinbrotet vert etablert utarbeider ein plan som viser kor brotet blir plassert og nokre profil som viser terrenget før, under og etter at uttaket er avslutta. Ei kort skildring av kva som skal gjerast for å få ei god tilpassing til omgjevningane når uttaket er avslutta bør og inngå i skildringa.

Ut over dette har ikkje Direktoratet merknader til søknaden.

Med helsing



Per Zakken Brekke  
seniorrådgjevar